

Stord vgs
Att. Eigedom, Postboks 7900
5020 BERGEN

v/ A.G. Bjelland

Dykkar ref:
Vår ref: 2017/143505
Dato: 10.07.2017
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

The logo for Mattilsynet, featuring a red rectangular background with the word "Mattilsynet" in white, sans-serif font. Above the text are several white circles of varying sizes, some with thin outlines, arranged in a cluster that suggests bubbles or a stylized graphic.

TILSYNSRAPPORT - KANTINA VED STORD OPPLÆRINGSSENTER

Mattilsynet gjennomførte 10.07.2017 inspeksjon ved kantina hos Stord opplæringscenter

Til stades frå verksemda var A.G. Bjelland.
Frå Mattilsynet møtte seniorinspektør Astrid Dale.

I tillegg var Geir Martin Økland frå Stord Kristne Skule tilstades.

Mattilsynet var på avtalt tilsynsbesøk i samband med at det er aktuelt å leiga ut areal til den planlagde Stord Kristne Skule. Det er mellom anna aktuelt å leiga ut kantina som då skal kunne brukast til dette føremålet og i tillegg til undervisning i faget "Mat og Helse". Slik lokalet framstår idag har me ikkje motførestellingar mot dette.

Har de spørsmål eller anna er det berre å ta kontakt, gjerne på e-post.

Rettleiing

De har sjølve ansvar for å følgje det regelverket som gjeld for verksemda dykkar. Mattilsynet plikter likevel å gi dykk rettleiing i regelverket dersom vi meiner det er behov for det, eller dersom de har konkrete spørsmål knytte til regelverket (jf. § 11 i forvaltningslova). På bakgrunn av rettleiingsplikta gir vi her følgjande rettleiing:

FOR 2008-12-22 nr 1623: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1623 om næringsmiddelhygiene (Næringsmiddelhygieneforskriften).

Kantina dykkar ser ut til å stetta gjeldande krav for den drifta de har.

Alle materiale som er brukt er godt vedlikehaldne og lette å halda reine.

Det er montert eigen vask som skal brukast til handvask, denne har lang hendel som skal sikra hygienisk vask av hender.

Dersom det blir endringar i omfanget av drifta skal dette meldast til Mattilsynet.

Med helsing

Arne Oftedal
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:
Regelverk og rettar

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Du har rett til å få veiledning om regelverket

Dette betyr at du kan kreve å få vite kva for regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis ein skal forstå regelverket. Mattilsynet kan ikkje gje konkrete råd om korleis du skal oppfylle regelverket. Plikt til å rettleie følger av forvaltningslova § 11.

Aktuelt regelverk:

- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- FOR 2008-12-22 nr 1623: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1623 om næringsmiddelhygiene (næringsmiddelhygieneforskriften)